



LINDÅS KOMMUNE

Kulturminneplan

2011 - 2021



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Innhald

Forord

Del 1	Plangrunnlag	1.1. Kulturminne og kulturminnevern
		1.1.1 Kva er eit kulturminne?
		1.1.2 Kvifor kulturminnevern?
		1.1.3 Lovverk og juridiske dokument
		1.1.4 Aktørar og mynde
		1.2. Kjelder til kunnskap om lokalhistoria
		1.2.1 Kartlegging
		1.3. Lindås – historie og særpreg
Del 2	Status kulturminne i Lindås 2011.	2.1. Freda kulturminne i Lindås
		2.2. Samlingar i Kommunal eige
		2.3. Kyrkjebygg og kyrkjegardar
		2.4. Samlingar i privat eige
		2.5. Bygningar, kulturmiljø i privat eige
		2.6. Kulturlandskap
		2.7. Immateriell kulturarv
Del 3	Oppsummering status og utfordringar	
Del 4	Mål og tiltak	4.1 Gjennomføring av planen
		4.2 Overordna mål
		4.3 Delmål og tiltak for samlingar,
		4.4. Delmål og tiltak faste kulturminne, kulturmiljø, immateriell kultur



Naturtilhøva har gitt livsgrunnlag for folk og dyr, og forma lokale tradisjonar og kultur. Røsslyng er ei sentral plante i kystlyngheiane. For kystbøndene har den gjennom mange hundre år vore ei svært viktig ressurs som husdyrfor. Tradisjonane og kunnskapen knytt til skjøtsel og bruk av lyngheiane er ein del av det kulturhistoriske særpreget i Nordhordland.

Forord

I kulturarven vår hentar vi kunnskap om oss sjølve og bygdene våre og grunnlag for opplevingar vi ynskjer å dele med borna våre, grannane og tilreisande til regionen.

Vi ynskjer å verne om kulturminne som ein verdi for vår eiga samtid, men også fordi vi har eit ansvar for å forvalte desse verdiane på vegne av komande generasjonar.

Kulturminneplanen skal vera eit verktøy for Lindås kommune til å løyse denne oppgåva. Den skal spegla behov og peika på løysingar, aktørar og ansvar.

Det er ein overordna plan, i den meining at den ikkje skal vera ein verneplan for heile, eller deler av, kulturminnefeltet. Dei områda der vi meiner det er behov for systematisk dokumentasjon og eigne verneplanar er særleg omtala i planen.

Planen er sett i forhold til statlege og fylkeskommunale mål for kulturminnevern og museum. Det er elles teke utgangspunkt i Kulturminneplan for Lindås kommune frå 1991 og tidlegare registreringar. Det er gjort synfaringar på alle kommunale samlingar og kulturminne.

Knarvik 10.08 2011

Planen er ført i pennen av Solveig Jordal, Kulturverntenesta i Nordhordland ved Museumssenteret i Hordaland. Levekårutvalet i Lindås har vore styringsgruppe for arbeidet og har hatt tre møter der planen har vore drøfta, samt synfaringar til Roparshaugsamlinga, husmannsplassen i Vikje og "Kåken" i Tirebotn.

Kommunen har lagt vekt på ein open prosess der alle skulle kome til orde. Det har vore eigne møter med institusjonar og frivillige organisasjonar.

Det har også vore 4 folkemøte, på Ostereidet, i Knarvik, Alversund og på Lindås. Desse har gitt informasjon og høve for innbyggjarane å kome med innspel. Møta har vore tillyste i avisa og på kommunen sine nettsider, samt i brev til lag og organisasjonar.

Planen blei i samsvar med planprogrammet lagt ut til høyring. Frist for å kome med høyringsfråsegn vart sett til 1. juli. 2011. Det kom inn fråsegn frå 9 aktørar. Innspela har fått ein grundig gjennomgang og fleire av dei er tatt med i utkast til revidert kulturminneplan.

May Eva Sandvik
leiar av levekårutvalet

Øyvind Stang
kultursjef

Solveig Jordal
Museumssenteret i Hordaland

Del 1: PLANGRUNNLAG

1.1 Kulturminne og kulturminnevern

1.1.1 Kva er eit kulturminne?

”Alle spor etter menneskeleg verksemd/aktivitet, i vårt fysiske miljø ” er den vanlege bruken av kulturminneomgrepet . Men også hendingar, tru, tradisjon, og lokalitetar knytt til dette, vert definert som kulturminne.

Ein skil mellom faste (bygningar, murar, vegar o.l.), lause kulturminne (gjenstandar) og den immaterielle kulturarven (kunnskap og ferdigheiter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk.)

1.1.2 Kvifor kulturminnevern?

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet. Kunnskapen om desse gjer heimstaden vår spesiell for den enkelte, og unik i ein større samanheng.

Ikkje alle spor etter fortida kan, eller skal, vernast, men vi må erkjenne kulturminna som ein ressurs for vår eiga tid og ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida. I dette ligg ei plikt til å ta vare på kulturarven på best mogeleg måte.

Vi må gjera val ut frå kva vår tid vurderer som viktig å ta vare på; kva er særpreg i vår region og våre bygder?

For å gjera representative utval må vi også ha oversikter og kunnskap i form av registreringar og dokumentasjon. Dette gjeld særleg på område som nyare kulturminne og immateriell kulturarv, og område som tradisjonelt ikkje har vore arbeidd mykje med, slik som kulturarv lands kysten. Vi må heller ikkje gløyme at historia og kunnskapen har verdi sjølv om det fysiske minnet vert borte. Dokumentasjon og kartlegging er difor også viktige oppgåver innan kulturminnevernet.

1.1.3 Lovverk og juridiske dokument

Juridisk dokument	Ansvar
Lov om kulturminne	Riksantikvaren og fylkeskommunen v. Fylkeskonservator.
Plan og bygningslova	Fylkeskommune, kommunen. Vern etter Plan og bygningslova kan vedtakast av kommunen som del av kommunal arealplanlegging. I reguleringsplanar kan kommunen vedta vern av større og mindre område, og fastsetje detaljerte vernebestemmelsar
Lov om stadnamn.	Kommunen Regionrådet Nhl. har utarbeidd retningsliner
Unesco sin konvensjon om vern av immateriell kulturarv. Eit juridisk bindande dokument	Kulturminneforvaltning; Departement, fylkeskommune
Den europeiske landskapskonvensjonen Overordna føringar for vern, forvaltning og planlegging av landskap. Aktuelle lover er først og fremst plan- og bygningslova, naturvernlova og kulturminnelova.	Fylkeskommune, kommune
Stortingsmeldingar Nr.49 ”Framtidens Museum” og Nr.16:”Leve med kulturminner” er retningsgjevande for offentleg museums- og kulturminnepolitikk.	
Fylkesdelplanar for museum og kulturminne er retningsgjevande for Hordaland fylke sin politikk på desse felta. I tillegg har Hordaland fylkesarkiv utarbeidd ein Samhandlingsplan for arkiv i fylket.	
Nasjonale verneplanar for fartøy (2010).	
Utanom desse styrande dokumenta har statlege etatar, og private aktørar med landsdekkande funksjonar , som Forsvaret, Vegvesenet, NVE og Telenor, utarbeidd verneplanar for å sikra eigne kulturminne.	

1.1.4 Aktørar og mynde

Miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk.

Hordaland Fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå. Kan gjera vedtak om freding.

Lindås kommune

Ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og at kulturarv vert gitt merksemd i kommunale planprosessar og den enkelte byggesak. Kan gjera vedtak om vern gjennom reguleringsplanar.

Kommunen har også ansvar som eigar av samlingar og anlegg.

Bergen Museum har ansvar for fornminne og før-reformatoriske gjenstandar.

Bergen Sjøfartsmuseum ansvar for kulturminne under vatn.

I Nordhordland har **Museumssenteret i Hordaland** ansvar som regionmuseum. Dette omfattar i 2011 ansvar for rådgjeving innan bygningsvern og museumsspørsmål.

I den rådgjevande funksjonen som fylkeskommunen og museet har ligg ei erkjenning av at kulturminnevernet alltid vil vera eit samspel mellom offentlege, halvoffentlege (musea) og private, frivillige aktørar. Eigarane sin innsats er avgjerande.



I samarbeide med Museumssenteret i Hordaland har Hordaland fylkeskommune etablert ei regional bygningsvernteneste som gir råd og rettleiing til private huseigarar om søknadar, restaurering m m. Saga i Sævråsvåg er eit av dei prosjekta Kulturverntenesta i Nordhordland har arbeidd med.

1.2 Kjelder til kunnskap om lokalhistorie i Nordhordland

Få av kjeldene til vår eiga historie ligg i arkiv eller på museum. Dei fleste finst kring oss i bygningar, landskap eller i folk sitt minne eller kunnskap. Gravhaugar, båtar, eller dansetradisjonar rommar i seg sjølv ein unik liten bit med informasjon om fortida, tradisjon og utføring.

Vi kan sikre kunnskapen gjennom ulik dokumentasjon, men opplevingsverdien vil vera knytt til at det opphavlege kulturminnet vert teke vare på.

Osterøy Museum og **Hordamuseet** har både bygningar, båtar og gjenstandar frå Nordhordlandskommunane

1.2.1. Kartlegging av kulturminne

Fornminne og freda kulturminne

Alle fornminne og freda kulturminne er lagt inn i databasen Askeladden. Dei er tilgjengelege gjennom www.kulturminnesok.no eller i www.nordhordlandskart.no.

KGR-registrering (kulturgeografisk registrering) Ca 2000 bygningar registrert i perioden 1971-74. Publikasjon: Byggeskikk i Nordhordland, Fylkeskonservatoren i Hordaland 1975.

Sefrak-registreringar.

Registreringar av faste kulturminne eldre enn 1900. Rapport Kulturminner i Lindås, Fylkeskonservatoren 1981. Registreringane dekkar ikkje heile kommunen.

Båt og sjøbruksregistreringar vart gjennomført av Hordaland Fylkeskommune på 1980- og 90-talet .

Stadnamn er registrert i fleire omgangar. Desse er samla ved Nordisk institutt, UiB. I samarbeide med Nordhordlandskart vert materialet digitalisert og formidla via karttenesta.

Bergen Museum har fornminne og førreformatoriske gjenstandar. Hordaland fylkesarkiv, Statsarkivet har arkivmateriale frå regionen.

Litteratur

Det er laga små og store bokverk om Nordhordland og strilekulturen. Her kan det særleg trekkjast fram Strilesoga, Bygdebøkene frå Lindås og ”Mimra” Lindås sogelag sitt faste skriv.



Bunad og folkedraktmateriale er registrert av Nordhordland Husflidslag i samarbeide med Bunad og folkedraktrådet.

Gravminne som er registrert er gjort tilgjengeleg på www.disnorge.no

Folkemusikk

Arne Bjørndal (1882-1965) vart fødd på Bjørndal i Lindås. Han var ein kjend og allsidig kulturpersonlegdom. Han var aktiv utøvar både på hardingfele, i song og som kjømeister. Frå tidleg på 1900-talet og heilt fram til sine siste leveår dreiv han ei omfattande innsamlingsverksemd. Innsamlingsmaterialet vart til ei stor samling med lydbandopptak, noteoppskrifter og skriftleg materiale om folkemusikktradisjon. ”Arne Bjørndals samling” er no ein del av Griegakademiet, Institutt for musikk, ved UiB. (www.abd.uib.no)

I samband med kulturminneplanen er det i hovudsak oppdatert tidlegare kartlegging av samlingar og gått gjennom samlingar og kulturminne i kommunal eige.

1.3 Historie og lokale særpreg.

Kommunegrensene i Lindås i dag går attende til 1964. Topografisk er det store variasjonar i kommunen; frå det flatlendte lyngheilandskapet på Lindåshalvøya til skogkledde fjordbygder og stigande fjell mot grensa til Stølsheimen. Dette har også skapt varierende næringsgrunnlag, noko som tradisjonelt har gitt grunnlag for omfattande varebyte mellom indre og ytre strøk.

Næringslivet har tradisjonelt vore knytt til jordbruk og fiske. Heilt fram til 1950-talet var jordbruket hovudnæringa.

På 1800- og byrjinga av 1900-talet vart det etablert ei mengd småindustri langs fjordane. Dette var verksemder innan garveri, møller, sager, hermetikkfabrikkar og ullvarefabrikkar, slik vi finn i Fammestadvågen og Bjørsvik.

Etter krigen har jordbruket vorte stadig mindre viktig og reduksjonar både i gardsdrift og småindustri førte i tiåra etter krigen til at folketalet gjekk ned. Denne utviklinga heldt seg heilt fram til slutten av 1960-talet med industrietablering og betra kommunikasjonar. I dag er Lindås ein av kommunane med størst folkeauke i Hordaland.

Næringstilhøva er naturleg nok spegla i byggeskikk og hustypar. Bustadhuset frå 1800-talet, lemstova, utgjer framleis eit dominerande trekk i kulturlandskapet i Lindås, men det som tydlegast representerer det særlege med byggeskikken er steinkonstruksjonane og brakekledningen.

Tørrmurane finn vi i jordkjellarane og vernemurar på våningshus, lær og naust. Dei brakekledde bygningane finn vi særleg i områda som grensar til Osterfjorden, med Osterøy som kjerneområdet.

Lyngheilandskapet har vore den dominerande landskapstypen langs kysten frå Biscaya til Lofoten i kring 2000 år. Denne landskapstypen har gitt grunnlag for ei spesiell driftsform med særprega ferdigheiter og tradisjonar.

Samferdsle

I vår tid er det lett å gløyme at det berre er dei siste 50 åra at vegen og bilen har vore framkomstmiddelet. Gjennom tusen år har fjorden og sjøen vore viktigaste ferdsleåra. Alle gardsbruk på vestlandet har hatt naust og båt og bruksrett til sjøveg.

Den indre farleia var ei av hovudferdsleårene langs kysten. Alt i mellomalderen var det etablert overnattingsstader langs leia.

I si tid var dampbåten ein revolusjon som gav dagleg samband til Bergen, uavhengig av ver og vind. Auka handel med Bergen, auka posttransport og gryande industrialisering gav grunnlag for godt rutetilbod frå 1880-åra. Dampbåtane vart ein del av dagleglivet og gav grunnlag for små bygdesenter med krambu, post og gjerne småindustri - Heilt til vegane, og etter kvart brua, kom og endra infrastrukturen.

Den trondhjemske postveg er mellom dei eldste ferdsleårene på land. Deler av denne går gjennom Lindås.

Immateriell kulturarv

Regionen har sine egne lokale tradisjonar innan mat, dans, folkemusikk og sosialt samvær og skildringar tyder på at tru på underjordiske, åtgjerder mot sjukdom og liknande heldt seg levande heilt inn i 1900-talet.

Handverket, kunnskapen og tradisjonane som knyter seg til dei brakekledde bygningane, tørrmuring og lyngheilandskapet peikar seg ut som særpreg.

Andre tema peikar seg ut fordi det har vore arbeid særleg med desse felt i Lindås: Folkemusikk: Arne Bjørndal, og seinare Kjersti Wiik, har samla folkemusikktradisjonar. Det var felemakarar og sterke tradisjonsberarar m.a. på Øvretveit. Mattradisjonar: Lyngheiseret arbeider i dag aktivt med dette som ein del av kulturbasert næringsutvikling.

Stadnamn fortel om arbeids- og næringsliv og om folketru.

Den nynorske språkforma har halde stand mot under endringane dei siste tiåra og er sterkt forankra. Språket gir særpreg og er for mange den viktigaste identitetsmarkøren.

Tru og kristenliv

Kristenlivet har sterke tradisjonar i regionen. I Lindås er det 10 kyrkjer og i heile regionen er det om lag 50 bedehus.

Organisasjonslivet.

Rikt organisasjonsliv også utanom dei kristne organisasjonane. Bygdelag og frilyndte ungdomslag er knytt til grendehus og

ungdomshus og har m.a. vore utgangpunkt for revymiljø.

Musikklag vart starta i Alversund alt i 1901. Skyttarlaga har tradisjonar attende på 1800-talet og i nokon av laga har det vore samanhengande aktivitet i over hundre år. Myking det eldste frå 1881.

I mange av laga har kvinnene vore drivkrafta og helselag, fråhaldslag m. fl. har ytt betydeleg bidrag til lokalsamfunna.



Røsslyng er mindre næringsrikt enn høy, men lyngen har den fordelen at han står grøn heile året. For hardføre småfe-rasar som kunne gå ute også om vinteren, utgjorde lyngen dermed ei attraktiv føde. Skal lyngen ha maksimal förverdi, må han ikkje vera for lang. Dersom husdyrflokkane ikkje var store nok til å halda lyngen låg, kunne menneska hjelpa til ved å svi av lyngen med jamne mellomrom. Etter sviing tok det nokre år før lyngen igjen nådde rette vekstnivået som förplante.

Lyngsviing har føregått i Nordhordland heilt fram til seinare tid og er såleis godt dokumentert. Lyngen kunne også skjerast med sigd eller stutturv og nyttast som fôr til storfe som vart haldne inne om vinteren. (Kaland, Kvamme)

Del 2: Status kulturminne i Lindås 2011

2.1. Freda kulturminne

Freding er det sterkaste juridiske vernet eit kulturminne kan ha. Alle bygningar, bygningsrestar og kulturminne som er eldre enn 1649 er automatisk freda.

Bygningar frå 1500- og 1600 er sjeldsynte, men vi veit at det er bygningar der deler er datert tilbake til 1500-1600-talet og der bygningen difor er automatisk freda. Det er til saman registrert over 100 fornminne i kommunen.

Alt gjenstandsmateriale frå før 1537 er staten si eige og fell under Bergen Museum sitt ansvarsområde å ta vare på. Folk pliktar å informere om/ levere frå seg slikt materiale til Bergen Museum.

Av arkeologiske kulturminne er tuftene etter mellomaldergarden Lurekalven eit av dei viktige utgravingsstadene på Vestlandet.

Håkonshaugen, Seim

Haugen har vore arkeologisk undersøkt i 1879 og 1958. Det er funne spor etter gravferd her, men ikkje funn som kan stadfeste tradisjonen som knyter haugen til Håkon I (920-960). Han skal etter tradisjonen vera gravlagd på Seim. Etter utgravinga i 1958 var haugen ombygd, slik den er i dag, til eit historisk gravminne etter Håkon den gode.

Haugen er Lindås kommune sin Tusenårsstad. Stiftinga Håkonshaugen arbeider for å formidle historia gjennom m.a. sogspele. Det er ynskje om å utvikle eit fast opplevingstilbod knytt til haugen.



Kyrkjebygg er formelt verna etter kyrkjelova og kyrkjegardar frå før 1537 automatisk freda. Dette gjeld m.a. Myking.

Kulturminne under vatn er ein del av historia vår som kystfylke. Alle eldre enn 1537 er automatisk freda. Staten er eigar av alt som er eldre enn 100 år om eigar ikkje kan finnast. I Lindås er det registrert eit slikt funn i Isdalstø.

2.2 Lindås kommune si eige

Kommunen eig fleire anlegg og samlingar som på ulike måtar fortel om fiskarbonden og bondesamfunnet slik det var fram til 1900-talet: Roparshaugsamlinga, husmannsplassen i Vikje, naust i Kvamsvågen, gamlestova på Tveiten og gardstun på Leivestad.

Roparshaugsamlinga, Tveitegrend

Dette er ei kulturhistorisk samling etter Karl Øvretveit. Den omfattar ei lemstove og ca. Alle gjenstandane er registrerte (på papirskjema) og stilt ut.

Lemstova har si opphavlege form frå 1880 åra. Eldste del av huset er litt eldre, frå ca 1800. Huset er flytta hit i 1957 for å romme samlinga og ligg som del av eit privat tun der kommunen bygsjar grunn.



I tillegg kjem Lindås skulemuseum, Tinghuset på Lindås og ei lita samling privatarkiv. Ein bygning ligg også lagra.

2000 gjenstandar. Dette er husgeråd, tekstilar, reiskapar, bøker og fleire feler.

Samlinga er i dag open etter avtale med kulturkontoret. Det er ikkje avtaler om fast tilsyn. Det er parkeringsplass ca 100 m. frå huset. Det er ikkje tilgang til vatn eller toalett. Klimatilhøva er ikkje gode for å oppbevare tekstilar, bøker og feler over lang tid i denne bygningen. Det har vore lekkasje i taket. Dette er reparert i 2010.

Det finst enno tilgjengelege kunnskapar, samt arkiv, om kulturpersonane på Øvretveit.

Lindås Skulemuseum, Vassel

Skulehus frå 1886, med skuleplass. Skulen var i bruk fram til 1961. Kommunen eig bygningar, samlinga og grunnen. Samlinga tel ca. 1000 gjenstandar som alle er registrert (på papirskjema) og stilt ut. Dette omfattar også



Skulemuseet på Vassel har eit fint anlegg der det ligg godt til rette for formidlingsaktivitet både inne og ute

ein del snekkarutstyr, som ikkje har høyrte til skulen. Museet er ope etter avtale med kulturkontoret. Her er ikkje avtale om fast tilsyn. Det er ikkje vatn og toalett i bygningen, men det er sett opp eit mobilt toalett ute.



I skulehuset er det innreidd skulestove og utstilling av undervisningsutstyr, samt innreidd loft med utstyr frå omgangsskuletida.

Husmannsplassen i Vikje

Tun med stove, løebygning og naust.
Kommunen eig bygningane, men leigar grunn.
Det er inventar i huset, men ingenting er opprinneleg.

Det er ikkje tilgang til vatn eller toalett på anlegget.
Tilgjengeleg etter avtale med kommunen. Det er ikkje skilta og dårleg med parkeringsplass.



Leivestad gard

På Leivestad eig kommunen bygningane og arealet kring tunet. Her er ei tradisjonell lemstove, løebygning, eit lite uthus med verkstad og grue, potetkjellar, samt steingard med skinnflor, i overgangen til utmarka. Interiøret i bustadhuset er ikkje endra særleg etter 2. verdskrigen. Det er vanleg inventar og ein del interiørtekstilar i huset. Det bur i dag folk i huset. Vedkomande har livslang burett.



Gamlestova på Tveiten

Stovehus med to stover og gang. Grue innsett i tidlegare røykstove.
Kommunen eig bygningen. Nytt inventar til bruk ved møte og aktivitetar.
Ein ynskjer at huset skal vera i bruk og det er difor ikkje nokon utstillingsstad for andre gjenstandar enn dei som kan vera i bruk.
Det er ikkje noko i dag som formidlar historia kring huset.



Tinghuset på Lindås

Hus i sveiterstil bygt til rettsadministrative føremål.
Vert brukt av frivillige lag og org. på Lindås til lagsaktiviteter.

Naust i Kvamsvågen, Alversund

Tre naust på gnr. 141 Nedre Kvamme. Arealet der nausta ligg er innkjøpt til friluftsføremål, og nausta er i kommunal eige. Nausta er oppførte i turrmur, og kring 5 x 7 m. Alderen er ukjent, men murane kan vera både 200 og 400 år gamle. Dei to største og mest forseggjorde nausta har kulturhistorisk verdi.

2.3 Kyrkjebygg og kyrkjegardar

Myking kyrkje og kyrkjegard

Myking var kyrkjestad alt i mellomalderen. Av inventar frå mellomalderkyrkja er bevart ein døypefontkum i kleberstein, eit krusifiks og eit par rituelle kar.

Noverande kyrkje er den tredje kyrkja på denne staden, den vart reist i 1861, teikna av Chr. H. Grosch. Myking kyrkje er ei langkyrkje i kvitkalka brotsteinsmur.

Kyrkjegarden er frå mellomalderen og er automatisk freda. Den var i bruk fram til 1890-åra. Berre nokre få gravstøtter står no att, men små haugar vitnar om mange gravleggingar.

Kyrkjegarden vart sett i stand i 2007 i eit samarbeide mellom Bygdelaget på Myking, Museumssenteret i Hordaland og Haakon Aase frå dokumentasjonsprosjektet Tørrmuring i Nordhordland.



Den gamle kyrkjegarden ligg på ei høgd vest for den noverande kyrkja. Han har ei oval form med steinmur kring

I samband med istandsetjinga vart det gjort arkeologiske undersøkingar i regi av NIKU Bergen. Materialet vart registrert ved Bergen museum.

Seim gamle kyrkjegard

Seim kan ha vore den første kyrkjestaden i Nordhordland med ei kyrkje knytt til kongsgarden. Sikker kjelde viser til ei kyrkje her er frå 1350-åra.

Av inventar er bevart ein døypefont i den noverande kyrkja, og i samlingane til Bergen Museum finst ein St. Olavsfigur i furu frå midten av 1200-talet og tre prosesjonsstakar. Ein disk av sølv i den noverande kyrkja kan også skriva seg frå mellomalderkyrkja.

Ei tømmerkyrkje stod ved det gamle tunet på Seim, like ved ein gamal ferdslveg gjennom bygda. Ein barokk preikestol frå denne kyrkja, datert til ca. 1640, er bevart på Bergen Museum. Tufta etter denne kyrkja, og kyrkjegarden, er framleis bevart.

På kyrkjegarden finst ein trapesforma gravstein dekorert med hjulkross, truleg frå 1200-talet (har vore flytta).



Den gamle kyrkjegarden på Seim er avgrensa av ein høg mur. Her er to inngangar, ved kvart hjørne i sørmuren.



Kyrkjegarden er lite tilgjengeleg då ein må gå gjennom private tun og det ikkje er skilta. Det er store tre her og det gror etter kvart til med buskar.

I 1878 vart det reist ny kyrkje på Hoplandsleitet, kring 500 meter nord for den gamle kyrkjestaden og like ved Kongshaugen. J.A. Øvsthus var arkitekt. Dette er ei kvitmåla trekyrkje.

Alversund kyrkje

Alversund er også kyrkjestad frå mellomalderen. Som fleire andre stader var det bygt ny kyrkje i første halvdel av 1600-talet, men noverande kyrkje er frå 1879. Jon Jonsson Alver var arkitekt.

Det er teke vare på heller som tidlegare låg på kyrkjegarden og det står eit par jernkrossar frå 1800-talet. Ved søre korvegg stod i tidlegare tider ein gapestokk.

Lygra kyrkje vart bygt 1892. Arkitekt Petter Gabrielsen Spjutø. Her har vore kyrkjestad sidan mellomalderen. Det har stått minst tre kyrkjer her før noverande kyrkje vart bygd

Lindås kyrkje vart bygt 1865 og ombygd i 1969. Arkitekt var Ole Syslak. Her har vore kyrkjestad sidan 1300-talet og tidlegare steinkyrkje vart riven før noverande kyrkje vart bygt.

Askvik kapell vart bygt som gravkapell i 1918. Fungerte som kapellkyrkje fram til **Ostereide kyrkje** vart bygd i 1988.

Hjelmås kapell. Bygd i 1978. Arkitekt Arne Johan Seim.

Vike kyrkje bygt 1891. Teikna av Johannes Øvsthus.

Hundvin kyrkje, bygt 1936 etter typeteikningar frå Riksarkitektkontoret.



Alversund kyrkje

2.4 Samlingar i privat eige

Lindås sogelag/Strilamuseet

Lindås sogelag si samling omfattar kring 6000 gjenstandar og er den største kulturhistoriske samlinga i Nordhordland. Deler av den er stilt ut på Strilamuseet på Seim.



Deler av Lindås sogelag si samlinga er vist fram i utstillinga "Frå fjord og jord til dekkja bord" på Strilamuseet på Seim. Sogelaget held ope, på dugnad, i sommarsesongen. Dei inviterer også skulane til aktivitetar knytt til utstillinga og har førjulsaktivitetar.

Fleire samlingar som er nemnde Kulturminneplanen frå 1991 er no overtekne av Lindås sogelag. Sogelaget disponerer utstillings- og magasinlokale, på Seim, gjennom leigeavtale som går ut i 2014. Kommunen betalar leiga.

Sogelaget har også ein utstillingsmonter i Knarvik senter med skiftande utstillingar, magasinlokale i Knarvik og båtar lagra ulike stader. Deler av samlinga er registrert elektronisk (i Win Regimus).

Lindås sogelag har også teke eit ansvar for å ta vare på **Kåken, Tirebotn**. Bygget vart sett opp under 2 verdskrigen og var knytt til motstandsørsla. Her vart m.a. produsert

illegale aviser. Bygningen og tomta er i privat eige, men sogelaget har gjort vedlikehalds- og restaureringsarbeide her. Interiøret er gjenskapt og står omtrent slik det var under krigen.



Som ein del av arbeidet med Kulturminneplanen var Levekårutvalet i Lindås på synfaring på "Kåken" i Tirebotn 4 mai 2010, saman med Lindås sogelag.

Lindås sogelag har gjennom mange år organisert frivillig innsats innan kulturminnevernet. Ein viktig formidlingsaktivitet i laget er utgjeving av det lokalhistoriske skriftet "Mimra".

I møte i samband med planen gir dei uttrykk for at det er vanskeleg for laget å halde fram med dei store driftsoppgåvene knytt til eigedomane og samlingane.

Nordhordland Husflidslag

har medlemmer i fleire av kommunane i regionen; Lindås, Austrheim, Radøy, Meland og Masfjorden.

Laget arbeider m.a. med dokumentasjon av drakttetekstilar, broderimønster og broderi og har bygt opp ei samling tekstilar og broderimønster. Det er gjort avtale med Osterøy Museum om oppbevaring av broderimønster, men laget peikar på behovet for eit tilfredsstillande magasin for tekstilsamlinga.

Båtar

Riksantikvaren kan frede fartøy eller gi fartøy formell status som "verna skip". Båtar som er eldre enn 50 år kan ikkje førast ut av landet utan løyve frå Riksantikvaren.

Det har vore ei nasjonal prioritering å sikre handverkskompetanse for å ta vare på fartøya. Dette blir mellom anna gjort gjennom tre nasjonale sentra for fartøyvern der Hardanger fartøyvernssenter er eit.

Lindås sogelag har fleire opne båtar frå Nordhordland i sine samlingar. Det same gjeld for Hordamuseet. T.d. har "Bjørsvikbåten" det siste året gått inn i Hordamuseet si samling og skal stillast ut i den nye båthallen på Stend.

Båtar og kunnskapen om bygging og bruk av båtar har vore ein sentral del av det å bu og livberge seg i Nordhordland. Fleire aktørar peikar på behovet for ein regional verneplan for båtar,

BNR – veteranbusssklubb representerer ei samferdslehistorisk samling av regional interesse.

Det er også etablert andre private samlingar i kommunen. Det varierer kor vidt samlingane er katalogisert eller er tilgjengelege for publikum. Nokon eigarar signaliserer at det er aktuelt å t.d. opne samlingane i samband med arrangement.

følgd opp både med lokale visningsstader og tilfredsstillande magasinlokale for opne båtar.

Fartøyvernet blir halde oppe av ein omfattande frivillig innsats. Den frivillige verksemda er i stor grad retta mot drift og vedlikehald av fartøy som er i aktiv bruk. Istandsetjinga av DS Oster er døme på korleis private tek på seg store oppgåver for fellesskapet.

Nordhordland veteranbåtlag overtok DS Oster i 1996 og har gjennom stort dugnadsarbeide restaurert båten. Den går "faste" ruter mellom Bergen og Nordhordland og elles etter avtale. Alt mannskap på båten er uløna og dei drifrar den på dugnad. Det er viktig for drifta av DS Oster at det er ei langsiktig, tydeleg avtale om rettane til kai plass.

2.5 Bygningar og kulturmiljø i privat eige.

På grunnlag av tidlegare kartleggingar og registreringar kjenner vi mange kulturhistorisk verdfulle bygningar og kulturmiljø i Lindås.

Det har ikkje vore målet for denne planen å gjera prioriteringar og verdivurderingar og vi drøftar difor heller ikkje enkeltobjekt.

Bygningar og anlegg knytt til landbruket

Før dei store jordskiftereformene frå 1800-talet budde dei fleste bønder i eit klyngetun saman med fleire andre brukarar. Med inn og uthus kunne det i dei største tuna vera over hundre

bygningar. Det finst enno spor etter slike tunskipnadar m.a. på Isdal, der dei lange låge lemstovene merkjer seg ut i landskapet.

Utmark

Utmarksminne er eit samleoverskrift for kulturminne knytt til utnytting av utmarksressursane. Dette gjeld både landbruk, fiske, jakt og mindre industrielle føretak. T.d. torvtaking og torvhus er karakteristisk ressursutnytting av kystlandskapet i Nordhordland.

I Lindås har det fleire stader vore steinindustri og mindre gruvedrift. Det var kljåsteinsbrot m.a. i Lurøyane og Sævrås. Kljå- eller kleberstein vart nytta som bygningsstein, kokekar, baksteheller, vevlodd, fiskesøkke og turkeomnar for korn.

Kolmiler finst fleire stader. Dette er tufter etter framstilling av trekol, m.a. nytta til jarnproduksjon.

Mange utmarksminne er knytt til vasskraft som har skapt grunnlag for småindustri. Slike anlegg ligg gjerne ved sjøen; kvernhus, kraftverk, sager, stamper. Fammestadvågen er eit av fleire slike miljø i Lindås. Utmarksminna er ofte lite synlege og kunnskapen om dei forsvinn gjerne med omlegging av drift. Det er viktig at kommunen er tydeleg om verdien av å dokumentere kulturminne i samband med utbyggingar i utmarksområde.



I det trelause kystlandskapet har torva vore ei svært viktig energikjelde. Brenntorv vart skoren i myrane i små stykke og krakka for å tørke. Deretter vart den lagra i torvhusa. Torvonna tok til etter at våronna med såing var over og varde gjerne eit par veker. Heile familien var med på torvonna. Det var tungt og hardt arbeide, men likevel ei tid på året med mykje sosial samkvem.

Kulturmiljø langs fjorden

Det mangfaldet av næringar som heldt til langs fjordane finst ikkje lengre. Nye samferdslestrukturar har ført til at aktiviteten er flytta til det som i dag er sentrale stader i kommunen. Resultatet er at mange av desse bygningane vert ståande utan funksjonar, tilsyn og vedlikehald.

Bjørsvik er ein av dei eldste og viktigaste industristadene i Nordhordland. Bjørsvik utvikla seg til ein liten tettstad med dampskipskai, daglegvarebutikk, posthus, telefonsentral, skulehus, bedehus og ungdomshus. I 1921 kom det ein svingete køyreveg ned den bratte lia.

Tru og kristenliv

I Lindås er det ei rekkje bedehus som representerer ei karakteristisk side ved samfunnet her. Det eldste er Sagstad frå 1881.

Samferdsle

Sjøen har, tett opp til vår eiga tid, vore den viktigaste ferdslåra og samferdsleminna er oftast knytt til sjøen. Det gjeld båtar, men også faste kulturminne som sjømerke, fyrlykter, bryggjer, kaiar, handelsstader m.m.

Den Indre farleia mellom Fensfjorden og Bergen har vore mellom dei viktigaste ferdslårene langs kysten. Langs leia finst sentrale kulturminne som fortel om ferdsle og livet her gjennom mange hundre år. Det er utarbeidd ein areal- og forvaltningsplan for den Indre farleia.. Å overvinne naturkreftene og få sikker tilkøst til farleia var viktig for bygdene på Lindås og Myking og Lindås sjøsluser vart difor bygt i 1908. Dette er eit av to sjøsluseanlegg i landet, og såleis eit nasjonalt viktig kulturminne. **Lindås sjøsluser** var i drift fram til 1963. På 1980-talet vart det gjennomført dokumentasjon av anlegget og restaurering pågår.



I Bjørsvik var det sagbruk og bekkervev alt på 1600-talet. Den første leigemølla her vart sett opp i 1850-åra. Byggmølla frå 1900 hadde seks etasjar og skal vera mellom dei høgaste trebygningane som er blitt reiste i Nord-Europa. I 1936 vart mølla lagt ned.

Hermetikkfirmaet Norwegian Preserving starta i 1946 sardinfabrikk her. I 1950-åra var her opptil 120-130 arbeidarar i sving. Hermetikkfabrikken vart lagt ned i slutten av 1980-åra.

DS OSTER gjekk i trafikk Bergen- Osterfjorden -Modalen frå den vart bygt i 1908 heilt fram til 1964. Dette er eit viktig kulturminne som mange i regionen framleis har eit nært forhold til. Båten har fast kaiplass i Bjørsvik.



Stor forskjell mellom flo og fjøre og sterkt tidevatn gjorde det svært vanskeleg å ta seg inn her med båt i tidlegare tider. Slusa som vart bygt er 38 meter lang, 7,6 meter brei og 3,5 meter djup. Tidevatnet kom begge vegar, og det er difor to sett med sluseportar i kvar ende av slusekammeret.

Postvegen Bergen-Trondheim er døme på vegbygging frå 1700-talet. Postrutesambandet Bergen-Trondheim vart etablert i 1786. Ruta gjennom Nordhordland gjekk frå Isdalstø på køyreveg nordover framom Seim og Neset til Låtrebogane ut mot Lurefjorden. Her var det ny båtskysse over til Hundvin, og så vidare landevegen frå Hundvin til Vågseidet. Deler av vegen er godt synleg og nesten urørd. Den femner om bruer, klopper og tropper/bryggjer ved sjø. Nokon stader er vegen tilrettelagt som tursti.

2.6 Kulturlandskap

Kulturlandskap er i vid meining eit landskap som er påverka av menneske, omgrepet vert ofte brukt snevrare om jordbruket sitt kulturlandskap.

Staten gjennomførte på 1990-talet registreringa ”Verdifulle kulturlandskap i Norge” og prioriterte landskap med økologiske eller kulturhistoriske verdiar med nasjonal verdi. I Hordaland er Lygra eit av tre større område som er definert å ha nasjonal verdi.

Lygheilandskapet på Lygra er representant for biologisk mangfald og lyngheilandskap i det ytre fjordlandskapet. Lyngheiane er døme på ein landskapstype og driftsform som i eldre tider fanst langs kystane frå Biscaya til Troms. Vern av dette kulturlandskapet og etablering av Lyngheisenteret på Ytre Lygra må sjåast i eit internasjonalt perspektiv.

Ein kan ikkje verne kulturlandskapet utan å vidareføre aktiv skjøtsel. På Lygra held ein kulturlandskapet i hevd med beite av utegangarar, lyngsviing og slått.

I Lindås er Lyngheisenteret den einaste institusjonen innafor kulturminnefeltet, med fast drift og tilsette. Senteret er ein del av et konsoliderte Museumssenteret i Hordaland og del av det nasjonale museumsnettet.

Lyngheisenteret har ope med aktivitetar og servering heile året. Der er faste og skiftande utstillingar, filmframsyning og restaurant som arbeider aktivt med lokale mattradisjonar og utvikling av reiselivsprodukt. Her er også utvikla undervisningsopplegg for barnehagar, skular og høgskular/universitet.

Lyngheisenteret har bygdekino og er ein sentral reiselivsaktør i regionen.

Bøkeskogen.

Ved Vollom, like nord for Seim, ligg den nordlegaste bøkeskogen i verda. Bøk er eit varmekjært treslag og ikkje vanleg i Noreg. Bøkeskogen er freda.



Utmarka er tilrettelagt for friluftsliv, mellom anna gjennom eit nett av turstiar. I området er det også andre kulturminne, m.a. frå utmarks- og sjøbruk.



Visningsbygget Lygra,



Konsert i lyngheilandskapet,

2.7 IMMATERIELL KULTURARV

Unesco sin konvensjon for immateriell kulturarv definerer omgrepet slik:

... praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap, ferdigheiter – samt tilhøyrande instrument, gjenstandar, kulturgjenstandar og kulturelle rom – som samfunn, grupper, og i nokon tilfelle enkeltpersonar, anerkjenner som sin kulturarv.”

Den immaterielle kulturarven vert overført frå generasjon til generasjon og vert stadig

gjenskaft av menneske i samspel med natur og historie.

Kulturvernforvaltarar har ansvar for å sikre kunnskap og tradisjonar for ettertida og legge til rette for at kunnskap kan førest vidare. Dette skal fange alle sider av den ikkje-materielle kulturarven; song, dans, handverk, mat, forteljartradisjonar, skikk bruk m.m.

Aktivt arbeide med immateriell kulturarv i Lindås/Nordhordland:

Stadnamn

Stadnamn fortel gjerne om bruk av stader, om arbeide- eller næringsvegar, om hendingar eller kvardagslege handlingar. Namna er ei kjelde til kunnskap om landskapsbruk og livet folk levde her.

Kommunen brukar aktivt lokale stadnamn. Regionrådet har utarbeidd retningslinjer for kommunane sin bruk av stadnamn, som er forankra i Lov om stadnamn.

Landskapsskjøtsel – dokumentasjon og vidareføring av tradisjonar og kunnskap

Lyngheisenteret driv aktivt arbeide immateriell kulturarv gjennom å dokumentere og halde i hevd kunnskapen kring stell og bruk av lyngheilandskapet.

Dei seinaste åra har Lyngheisenteret også arbeidd aktivt for å byggje opp eit mattilbod som er basert på lokale mattradisjonar.

Nordhordland Husflidslag og Handverksregisteret på maihaugen har arbeidd ei årrekke med dokumentasjon og vidareføring av tradisjonar i samarbeide med lokale tradisjonsberarar.



Kunnskapen om skjøtsel av lyngheiane har vore sentral for dei som har budd i dette området. Når tradisjonell bruk av dette landskapet endrar seg forsvinn også kunnskapen og tradisjonane knytt til arbeide og liv her.

No er dette ei av hovudoppgåvene til Lyngheisenteret på Lygra å dokumentere og vidareføre desse tradisjonane.



Museumssenteret i Hordaland

arbeider m.a. med å etablere læringsarenaer der tradisjonar kan dokumenterast og vidareførast i samband med istandsetjing av bygningar.

Folkemusikktradisjonar

Det er fleire tradisjonsmusikarar og songarar som har dokumentert musikk og songtradisjonar frå Nordhordland og som aktivt brukar desse i sitt repertoar som utøvande formidlarar.

Det aktive kormiljøet er også ein arena for vidareføring av denne kulturarven.

Regionalt Senter for Immateriell Kulturarv (SIK) er eit nasjonalt pilotprosjekt i regi av Museumssenteret i Hordaland som startar opp våren 2011.

SIK vil samarbeide tett med det nasjonale SIK (nasjonalt senter for immateriell kulturarv) og med Knarvik vidaregåande skule, næringsliv og andre aktørar i Nordhordland. SIK vil m.a. vurdere område for kartlegging og regionale handlingsprogram for immateriell kulturarv, etablere møtestader for utveksling av kulturtradisjonar som dans, handverk, munnleg tradisjon.

Del 3: Oppsummering status og utfordringar

Kva skal og kan vernast?

Det er ikkje realistisk mål å ta vare på alle kulturminna. Kulturminneplanen skal peike på behov og løysingar for betre forvaltning av samlingar og kommunale anlegg. Planen skal også vera eit utgangspunkt for vidare arbeide med verneplanar.

Kunnskap er nøkkel til å sjå verdiane i kulturarven. Det å ta vare på må difor gå hand i hand med å gjera tilgjengeleg og formidla kunnskap om tradisjonar og livet i bygdene.

Regionalt særpreg

Skal ein peika på særpreg for regionen og trekk som vi raskt assosierer med Lindås og Nordhordland er det gjerne dei små sjøbruks-industrimiljøa langs fjordane og kystkulturlandskapet; lynghei og villsau, steinmurar, leinstover og ein og annan brakekledd bygning.

Lyngheilandskapet og kulturarven knytt til skjøtsel av dette er også teke vare på som ein del av det nasjonale og internasjonale vernearbeidet gjennom arbeidet på Lyngheisenteret. Lokalt har Lindås fleire samlingar og kulturminne som er verdfulle dokument om liv og næringsgrunnlag i dette landskapet.

Samlingar og anlegg

I denne planen er det eit hovudpunkt å drøfte ei god forvaltning av kommunale samlingar og bygningar og korleis ein kan gjera desse og kunnskapen om dei tilgjengeleg.

Ideen om eit sentralt museumsanlegg har vore drøfta i planarbeidet men ein ser ikkje dette som realistisk, eller tenleg bruk av ressursar i dag.

Det er drøfta ei utvikling av museums- og kulturminneforvaltninga i regionen etter økomuseums-modellen: Eit utval samlingar og kulturminne, som utfyller kvarandre og til saman fortel den regionale historia, vert tekne vare på der dei er.

Det bør arbeidast for å byggje opp ein fast driftsorganisasjon knytt til regionmuseet Museumssenteret i Hordaland. Utfordringane i dag ligg først og fremst i at det, utanom Lyngheisenteret, ikkje er faste ressursar knytt til drift eller formidling. Det difor vanskeleg både å sikra samlingane og å ta ut det potensiale som ligg her for kunnskapsformidling og opplevingar.

Når det gjeld større investeringar i magasin for gjenstandar og båtar må dette behovet drøftast og løysast på regionalt nivå.

Kommunen ser det også som ei oppgåve å stimulere til frivillig kulturminnevern gjennom aktivitet i lag og organisasjonar. Frivillig arbeide er i seg sjølv kulturskapande og verdfullt for lokalmiljøet.

Lindås sogelag representerer i dag ein særdeles viktig innsats i regionen. Laget er eigar av den største kulturhistoriske samlinga i Nordhordland og har i dag ingen faste tilskot til drift. Dei oppmoder kommunen om å arbeide vidare mot eit fast samarbeide med Museumssenteret i Hordaland om driftsoppgåver.

Eit steg på vegen for å løyse dette kan vera eit nærare samarbeide med Lyngheiseret slik at dei vert styrkja økonomisk til å ta ansvar for undervisningsopplegg og oppgåver knytt til andre samlingar og anlegg i kommunen. På

Kunnskap om kulturminna

Verdien av kulturminna aukar i kraft av kva kunnskap vi har om dei enkelte objekta og samanhengane dei har vore ein del av. Det er difor viktig å dokumentere kunnskapen kring samlingar og kulturminne før den blir borte.

Oppdaterte, og nye kartleggingar av dei områda ein ikkje har god oversikt over vert gjort både for å samle kunnskap og som grunnlag for prioriteringar. Dette vil vera ein reiskap om kommunen ynskjer å gi støtte til tiltak i privat regi, men

Universell utforming

Det må vera eit mål at kulturminna og kunnskapen skal vera tilgjengeleg og gje

grunn av leigeforholda på Seim bør ein også vurdere ei ny lokalisering for Strilamuseet og dette må sjåast i samheng med planane for nytt kulturhus i Knarvik.

kan også vera utløyssande for tilskot frå andre aktørar. Det kan også gje ny og heilskapleg kunnskap om dei ulike områda.

Område der det er aktuelt med egne regionale verneplanar, eller handlingsprogram er:

- Bygningar og kulturmiljø
- Båtar
- Dokumentasjonsplan lause kulturminne
- Immateriell kulturarv

opplevingar for flest mogleg. Det bør difor søkjast midlar til vurdering av tiltak.

Del 4. MÅL OG TILTAK

4.1 Gjennomføring av planen – prioriterte tiltak

Det vil kvart år i samband med budsjettet verta utarbeidd eit handlingsprogram med prioriterte tiltak for komande år.

Prioriterte tiltak for 2012

Den største utfordringa er knytt til mangel på fast tilsette og fast drift av samlingar og anlegg. Målet er å sjå Lindås kommune og Lindås sogelag sine samlingar og anlegg som ei eining og arbeide mot ei samarbeidsavtale med Museumssenteret i Hordaland om formidling og forvaltning av desse verdiane. Starten på ein slik prosess må speglast i budsjettet for 2012.

4.2 Overordna mål

1. Sikre god forvaltning av eigna kulturminne, som grunnlag for aktiv formidling.
2. Gjera kulturminna og kunnskapen om desse tilgjengeleg for flest moglege
3. Legge til rette for frivillig arbeide innan kulturminnevernet

4.3. Delmål og tiltak – Samlinger

Delmål	Tiltak kommunalt ansvar	Tiltak regionalt ansvar/MuHo
Ha god kontroll med oppbevaring og sikring av kommunale samlinger		Tilstandsvurdering av samlingane (Prosjekt 2011)
	Tilstandsvurdering av bygningane, Vikje, Roparshaug, Tveiten, Vassel	
		Bruks- og vedlikeholdsplanar for Roparshaugsamlinga, Husmannsplassen i Vikje, Lindås skulemuseum og etter kvart Leivestad. (førebyggjande konservering, rutinar for tilsyn, reinhald, formidlingsopplegg, rutinar ved bruk m.m.)
	Avtale om fast tilsyn med bygningar og samlinger; Vikje, Roparshaug, Vassel, Tveiten	
	Blending av vindaug Roparshaug, Skulemuseet	
	Gjennomgang av brannsikring – tiltaksplan for sikring	
	Reingjering, rydding.	
	Varmeomnar Roparshaug, Skulemuseet Kontroll el.-opplegg	

Delmål	Tiltak kommunalt ansvar	Tiltak Regionalt ansvar/MuHo
Magasinlokale for gjenstandar som ikkje er stilt ut/treng spesiell oppbevaring	Initiere regionalt prosjekt for å vurdere alternativ for felles regionale magasinløyisingar	
	Fellesmagasin i Salhus: Regionalt og nasjonalt viktige gjenstandar frå kommunale og private samlingar må sikrast magasinplass i Fellesmagasinet. Dette må innarbeidast i ny Fylkesdelplan for Museum.	
Dokumentasjon kommunale samlingar	Avsetje prosjektmidlar til å dokumenterer historikk kring eigne samlingar og kunnskap om gjenstandar og bygningar	
Sikre fysisk tilgjenge til kommunale anlegg.	Langsiktige avtaler med grunneigarar med tydelege vilkår og bruksrett til grunn	
	Sti /veg fram til den gamle kyrkjegarden på Seim	
	Parkering, skilting til husmannsplassen Infoskilt langs stien	
	Mobile toalettanlegg ved dei kommunale anlegga. Tilgang til vatn	

Delmål	Tiltak kommunalt ansvar	Tiltak Regionalt ansvar/MuHo
	Avsetje prosjektmidlar til elektronisk katalogisering av egne samlingar.	
	Primusløysing for katalogisering – Regional løysing i samarbeide med MuHo	
		Virtuelt Museum Nordhordland; ein felles formidlingsportal for kulturminne og kulturhistorie i regionen. Samarbeidsprosjekt museum – kommunar -frivillige lag og org.
Tilrettelagt for aktiv bruk for skulen	Utvikle undervisningsopplegg: Skulemuseet; Skule i gamle dagar Roparshaug; Tradisjonsmusikk, lokal folketradisjon Vikje; Opplegg for 9 klasse. Elevane kan gjennom heile skuleåret ha definerte oppgåver som dei arbeider med i forhold til husmannsplassen; lokalhistorie, handverk, mat, biologi, sjøbruk, elevbedrift, m.m. Dette kan ha som målsetjing at elevane skal arrangere kulturdagar	
	Avtale med Lyngheisenteret om drift undervisningsopplegg.	
Formidling gjennom utstillingar	Temautstillingar/foto på venterom, seniorsenter, rådhuset, eller andre stader. Pris avh. av storleik, omfang	
	Utstilling i gamlestova på Tveiten	
	Info ved dei gamle kyrkjegardane	
Legge til rette for frivillige innan kulturminnevernet	Fri tilgang til fagkompetanse gjennom avtale med Museumssenteret	Kurs og opplæring. Oppfølging av prosjekt. Hjelp til søknadar.
	Initiere og legge økonomisk grunnlag for fast samarbeidsavtale med MuHo om formidling og forvaltning av kommunale og utvalde private samlingar i Lindås.	
	Tilskotsmidlar – også til org. og leiarutvikl innan frivillig arb	
	Årleg møtestad, inspirasjonsdag for frivillige	

4.4. Delmål og tiltak - Faste kulturminne, Kulturlandskap, immateriell kulturarv

Delmål	Tiltak kommunalt ansvar	Tiltak regionalt ansvar/MuHo
Sikre at viktige kulturminne vert tekne vare på	Ta initiativ til tilstandsvurdering og vedlikehaldsplan for naust i Kvamsvågen. Samarbeidsavtale Bergen og omland friluftsråd om bruk av naustmiljøet/badeplassen.	
	Ta initiativ til tilstandsvurdering av forsvarsmuren på Bruvoll.	
	Fullføre restaurering av Lindås sjøsluser.	
	Lindås sjøsluser; vurdere tiltak som kan sikre betre allmenn tilgang til sjøslusene.	
	Kulturminne må drøftast i samband med kommunale planar	
	Tilgang til fagkompetanse om vern, restaurering og tilskotsordningar gjennom utvida avtale med Museumssenteret	
	Tilskotsordningar	
	Avsetje prosjektmidlar til å oppdatere og fullføre sefrak-registreringar	
	Verneplan for bygningar og kulturmiljø	
	Verneplan for båtar	
Dokumentere kunnskap	Bruke Håkon Åse og Arne Høyland sine skuleopplegg til systematisk dokumentasjon av jordkjellarar, sjøbrukskultur o.a. kulturminne	
	Håkonshaugen på Seim: Vidareutvikle haugen som formidlingsarena, i samarbeid med stiftinga for haugen	
Formidling gjennom skilting av viktige turstiar	Stimulere til at turstiar og stader vert skilta med stadnamn og gjerne kulturhistorisk info.. I samarbeide med bygdelag o.a.	
	Kommunen lagar skiltmal	
Målbruksplan	Språkpolitiske mål og føringar for korleis skriftmålet skal nyttast i kommunal administrasjon.	
Stimulere til at kunnskapar om den immaterielle kulturarven vert dokumentert og vidareført	Tilskot	

Delmål	Tiltak kommunalt ansvar	Tiltak regionalt ansvar/MuHo
	Stille krav i samband med tilskot om at dokumentasjon og formidlingstiltak skal vera heilskapleg.	
	Samarbeide med andre kommunar og aktørar om verneplanar og handlingsprogram i høve immateriell kulturarv.	
Formidling til nye innbyggjarar i kommunen	Velkomenhelsing til nyinnflytta: Lokalhistorie Info om kultur og frivillig arbeide	
Fremme litteratur på nynorsk og om lokalhistorie	Utstillingar på biblioteket Info på nettsidene til kommune/bibliotek	
Sikre magasin for privatarkiv		
Fullføre innsamling av stadnamn		
Strategisk arbeide med vern og verdiskaping av immateriell kulturarv		Oppstart av det nasjonale pilotprosjektet "Regionalt senter for immateriell kulturarv" våren 2011.



LINDÅS KOMMUNE

Utgjevar:

Lindås kommune

v/ Kultureininga

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø

Telefon: 56 37 50 00

Telefaks: 56 37 50 01

e-post: postmottak@lindas.kommune.no

nettstad: www.lindas.kommune.no